




Referat

Underutval for barn og unges psykiske helse, Voss lokalsjukehusområde

Dato og tidspunkt:	02.12.21 Kl. 13:00
Møtestad:	BUP Voss/Teams
Møteleiar:	Gunnlaug Lekve
Til stade:	Bridget Penny (brukarrepresentant), Rita Høvset (Eidfjord), Gunnlaug Lekve (Ulvik), Elise Rognsvåg (Kvam), June Eide Viken (Vaksdal), Ruth Helene Garmann (BUP Voss) og Sissel Berg (BUP Voss)
Fråfall utan vara:	Marianne Røynesdal (BUP Voss), Kjell R. Stien (Voss) og Sveinung Helleesen Nygård(Voss)
Referent:	Sissel Berg

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
10/21	Godkjenning av innkalling Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
11/21	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet Samrøystes vedtak: Underutvalet for barn og unges psykiske helse godkjenner innkallinga.	V		
12/21	Aktuelt frå medlemmane i underutvalet Brukarrepresentant: <ul style="list-style-type: none">• Lite aktivitet for tida då det er vanskeleg å møtast.• Ynskjer at det skal vera lettare å få støttekontakt for alle. Vanskeleg å få personale på ulike	O		

	<p>avdelingar til å vere med brukarane på aktivitetar, då aktivitetar ofte er utanom vanleg arbeidstid.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreldre/pårørande må stå på for at brukarar skal få dekkja dei behova dei har. Ynskjer at kommunen ber om tilbakemeldingar frå foreldre/pårørande og evaluerer automatisk. • Vaksining er fortsatt eit tema. Er unge brukarar som har behov for beskyttelse mot korona. <p>Kvam:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BTI er oppe og går. Skulane har fått opplæring. Barnehagane har starta opplæring. • Foreldrestøtteprosjekt forlenga til 2022. COS-kurs: Første runde med førstegongsføddande er gjennomført. • Mykje sjukdom som gjer at mykje blir utsett. <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> • BTI: Ny prosjektleiar er godt i gang. • «Leik og le»: Førbyggjande prosjekt. Fysioterapeut er prosjektleiar. • Spente på kva som skjer i forhold til ny barnevernsreform. Hjelper at ein er godt i gang med BTI. • Er mykje sjukdom og mange slitne tilsette. <p>Vaksdal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • June Eide Viken er ny representant i underutvalet. Ho er tilsett som avdelingsleiar i nyoppretta stilling innafor helse i kommunen. • Helsesjukepleiarar skal ha COS-kurs. Oppstart hausten 2022. Har fått laga brosjyre. • Fokus på barn som pårørande. • Familie for første gong – prosjekt. Utprøvingkommune. Får oppfølging av familiesjukepleiar i to år frå ca. veke 25 av svangerskapet. • Leseplan via PPT. 			
13/21	<p>SNU v/Elise Rognsvåg</p> <p>Gjennomgang av SNU-modellen. PPT Kvam har god erfaring med bruk av denne. Sjå vedlegg.</p>		 <p>Om SNU - til underutvalget.pdf</p>	

14/21	<p>Gjennomgang av mandatet til underutvalet</p> <p>Saka vart ikkje tatt opp.</p>			
15/21	<p>Innspel til konferansen: «Fremtidens psykiske helsevern for barn og unge»</p> <p>Saka er utsett.</p>			
16/21	<p>Helse Fonna-prosjektet v/Ruth Helene Garmann</p> <p>Nettsida til Helse Bergen er no oppe og går:</p> <p>Barn og unges helseteneste - Helse Bergen (helse-bergen.no)</p> <p>Det er ei eiga gruppe i Helse Bergen som har ansvar for å oppdatere denne. Nettsida skal reviderast kvart år. Ruth Helene Garmann kan, via rolla si i underutvalet, fortsatt vere kontaktperson inn til denne gruppa.</p> <p>Ber medlemmene i underutvalet om å spre linken til oppvekstsjef og alle som arbeider med barn og unge i kommunane. Den bør òg leggast inn på aktuelle nettstadar/sosiale media for å formidle informasjonen til barn og unge og deira pårørande/foreldre. Ber medlemmene i underutvalet vidareformidle dette til dei som har ansvar for nettsidene i kommunane eller sende kontaktinformasjon til:</p> <p>ruth.helene.eitrheim.garmann@helse-bergen.no</p> <p>Det er også ønske om at kvar kommune gir tilbakemelding om kva nettside som skal linkast til via Barn og unges helseteneste si nettside.</p> <p>Spelet «Saman» er printa ut og vil verte sendt ut til kommunane. Her finn ein QR-kode som ein enkelt kan skanne med mobil for å få den informasjonen ein treng. Del gjerne dette ut til aktørar i kommunane som vil ha nytte av å ta dette i bruk.</p>			
17/21	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vidare møteplan for underutvalet Neste møte i underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert torsdag 03.03.22 kl. 13:00 til 15:00 på BUP. Då truleg i nye lokale. Det er også planlagt møte 19.05.22 kl. 13 til 15. 	O		

Tidspunkt for neste møte i Underutvalet for barn og unge si psykiske helse vert **torsdag 03.03.22 kl. 13:00** på BUP Voss.

Ber om at medlemmene i underutvalet melder i frå dersom de ikkje har høve til å møta.